



KVIFOR OG KORLEIS SKJØTTE AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Kulturminna blir påverka av den generelle attgroinga av landskapet i dag. Sidan 2005 har gardbrukarar i Sogn og Fjordane fått tilskot gjennom Regionalt Miljøprogram for å skjømte vegetasjon på og ved automatisk freda kulturminne.

Skulle det eventuelt vere trong for å gjere andre tiltak ved kulturminna, krevst det skriftleg løyve på førehand.

Kulturminna er frå tida før reformasjonen (år 1537) og gjev kunnskap om den aller eldste saga til gardar og heile bygdelag, lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Gravrøyser og gravhaugar er relativt lette å sjå og er mellom dei best kjente av desse kulturminna. Dei vart i delar av jernalderen (om lag 200 –1050 år etter Kristi fødsel) bygde ved eller nær tunet på garden.

Det er registrert gravrøyser i nesten alle kommunane våre, men det er flest i dei gode jordbruksdistrikta. Det avspeglar kulturhistoriske forhold. Nyare undersøkingar tyder også på at berre sjølveigande bønder og høvdingar fekk slik gravlegging. Gravrøysene hadde symbolverdi og skulle vere lett synlege.

Kulturminna er viktige element i nærmiljøet og gjev kunnskap og opplevingar. Dei har naturleg plass når ein vil satse på gardsturisme. Med enkle grep kan du tydelegare få fram dei synlege bevisa på garden si gamle soge.

Du kan fjerne vegetasjon på og rundt kulturminna

Gravrøyser og gravhaugar får ein fram i dagen ved å fjerne vegetasjon på og rundt dei. La dei også blir godt synlege på lengre avstand.

Graset kan slåast og busker, kratt og renningar skjerast ned. Husdyr kan også beite, men slik at grastorva ikkje tek skade.

Kulturminneområde er ingen eigna lagringsplass for maskiner, materialar eller anna.

Langsiktig skjømte

Eingangsfjerning av vegetasjon vil lett resultere i større vekst av renningar enn før. Skjømte selen bør utførast årleg slik at vegetasjonen blir utarma. Busker, kratt og renningar bør skjerast ned i juni etter lauvsprett og før produksjon av næring for alvor kjem i gang. Fjern godt nedtil marka og la røtene stå. Alternativt kan renningar kuttast ½ m over marka og kløyvast i enden for å auke uttørkinga.

Ringbarking

Er ein effektiv måte å unngå renningar frå trerota og kan nyttast på stammar ned til 5 cm i diameter. Alle lauvtre kan ringbarkast. Ospa bør fjernast slik.

Ringbarking er absolutt enklast å gjere i sevjetida, då trengst det også berre ca 1 cm breidde på snittet. Utanfor sevjetida blir ringbarking tradisjonelt gjort med øks ved å fjerne ei 10-15 cm brei sone med bark og bastlag rundt stammen. Alternativt kan ein lage tre spor rundt trestammen med motorsag. Vanleg sag lagar for tunt spor. Trea dør etter 2 somrar og er godt eigna til ved.



Skogbrukssjef Magnus Mo, Førde viser kor enkelt ringbarkinga kan gjerast om våren og forsommaren. Reiskapen er ein einpinne med ein cm brei egg.

Ikkje bruk plantevernsmiddel, som Roundup, på vegetasjon på / nær inntil kulturminne

Sjølv om plantegifta skal vere miljøvenleg, veit ingen kva nedbrytande langtidseffekt ho

har på gjenstandar og kjemiske spor etter slike i graver i jorda.

Helleristningar frå bronsealderen (1800-550 år før Kristi fødsel), spesielt felt med figurar, er svært sårbare kulturminne som treng ekspertise for haldast i bra stand. Du kan fjerne eventuell vegetasjon som busker, kratt og tre kring felta.

Gå aldri på berg med helleristningar og unngå at vegetasjon, reiskapar eller anna fell ned på berget!! Skålgroper, gjerne også kalla offergroper, finst på steinar i dyrka mark, nær tun og i stølsområde i enkelte delar av fylket. Sjølv om dei er litt meir robuste, må det takast dei same omsyna ved desse helleristningane.

Skjøtsel, restaurering eller inngrep?

Det kan kanskje vere freistande å ”rydde opp” i gravrøyser med skader eller krater etter plyndring og med utkasta stein. Det er verd å merke seg at slike krater kan vere spor etter rituelle haugbrot (plyndringar) i førhistorisk tid.

All oppattbygging eller restaurering er inngrep i kulturminnet og må vurderast nøye. Det er ikkje vanleg å gjere slike endringar.

Det må føreligge skriftleg løyve frå kulturminnevernet i fylkeskommunen før det kan eventuelt kan gjerast endringar ved ei gravrøys eller eit anna automatisk freda kulturminne.

Elles er det brot på Kulturminnelova § 3.

Skader på kulturminnet eller på terrenget ved kulturminnet kan på sikt medføre øydelegging. Skader kan skuldast naturlege prosessar som erosjon, frostvitring eller menneskeleg aktivitetar.

Vi er takksame for tilbakemeldingar på skader og tek synfaring for å undersøke kva som kan gjerast for betre forholda.

Lov om kulturminne § 3 seier: *Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller frembringe fare for at dette kan skje.*

Det same gjeld for dei næraste 5 meter, sikringssona, rundt synleg ytterkant av kulturminnet.

Kulturminna har vore freda i meir 100 år. Den første kulturminnelova, Lov om Fornlævninger kom i 1905.

Meir om kulturminne og kulturlandskap?

* <http://www.arkeoland.uib.no>

Landsomfattande database med opplysningar om kulturminne og funn på gardar.

* <http://www.sfj.no>

Heimesida til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

* <http://sognogfjordane.miljostatus.no>

Nettstad med opplysningar om kulturminne og kulturlandskap.

* <http://www.miljolare.no>

Nettstaden for bærekraftig utvikling inneheld også opplysningar om kulturminne.

* <http://www.uib.no/bergenmuseum/opplevelse>

[-og-laering/skoletjenesten/laeringsressurser](http://www.uib.no/bergenmuseum/opplevelse-og-laering/skoletjenesten/laeringsressurser)
Bergen museum, kulturhistoriske samlingar

* <http://www.riksantikvaren.no>

Riksantikvaren, direktorat for kulturminnevern.

* <http://www.lovdata.no/all/hl-19780609-050.html>

Lov om kulturminne og føreskrifter

* *De eldste sporene i jordbrukslandskapet.*

Temahefte utgjeve av Norges Bondelag.

* <http://www.wernerweb.no>

Ei side for born.

Kulturminnevernet i fylkeskommunen har overordna ansvar for skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Ta kontakt med oss dersom du ynskjer å gjere meir enn å fjerne vegetasjon og halde det ryddig ved kulturminna eller dersom du har spørsmål / opplysningar om kulturminne.

E-post : postmottak.kultur@sfj.no

Telefon : 57 82 50 15

Adresse : Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, Prestebøen 8, 6800 Førde